

---

**Saknr:** 2020/48107-2  
**Saksbehandlar** Torill Klinker, Inge Horstad  
**Dato:** 29.04.2020

---

---

**Til:** Hovututval for samferdsle og mobilitet

---

**Frå:** Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport

---

## Grunnlagsnotat om kollektivløysingar i Førdepakken

### Samandrag

Førdepakken har saman med Statens vegvesen, Vestland fylkeskommune og Førde kommune utarbeidd eit grunnlagsnotat med tilrådingar på kvar hovudkollektivtraséane for kollektiv i Førde bør ligge.

Førdepakken vil legge dette til grunn når dei detaljutførar dei ulike vegprosjekta i Førdepakken.

Sunnfjord kommune legg opp til å handsame notatet i kommunestyret den 18 juni, etter at fylkeskommunen har forankra notatet i sin organisasjon. Notatet skal etter planen behandlast i styringsgruppa for Førdepakken 23.juni 2020.

### Bakgrunn for saka

I samband med at Førdepakken bygger og forbetrar veginfrastrukturen i Førde har det vore behov for å vurdere kvar hovudkollektivtraséane for kollektivtrafikk skal gå. Dette for at Førdepakken kan ta omsyn til kollektivtrafikken i utforminga av veginfrastrukturen.

Vestland fylkeskommune, Førde kommune og Statens vegvesen har i fellesskap gått gjennom kvar hovudkollektivtraséane bør ligge. Det er vidare peikt på utfordringar knytt til framkome og trafikktryggleik.


Notatet er ikkje førande for korleis endeleg vegutforming skal vere. Det vert bestemt på vanleg måte i Førdepakken og gjennom detaljreguleringsplanar med tilhøyrande høyringar.

I denne saka skal går vi gjennom hovudpunkta i notatet om hovudkollektivtraséar i Førde.

### Førdepakken

Førdepakken er eit bompengeprojekt med 20 tiltak for veginfrastrukturen i Førde sentrum. Staten, Vestland fylkeskommune, Førde kommune og bompengar finansierer tiltaka. Samla budsjett er 1,8 mrd. (2019 kr).

Tiltaka i Førdepakken bygger på kommunedelplan *Trafikk Førde Sentrum, 2013*. Den skal bidra til ei god sentrumsutvikling og legge til rette for syklande og gåande. Førdepakken vart vedteken av stortinget 18. oktober 2015 (Prop. 137 S). Prosjekta er planlagt ferdigstilt i 2025.



### Utfordringsbilde for kollektivtrafikk i Førde

Eit vegnett skal ivareta mange brukargrupper og interesser. Gode løysingar for ei gruppe kan gå på bekostning av ei anna gruppe. Vegnettet i Førde har forbettringspotensial og Førdepakken er meint å bidra til ei god sentrumsutvikling. I notatet er dei momenta som er vurdert til å vere vesentlege for kollektivtrafikken trekt fram. I dette avsnittet nemner vi kort dei viktigaste.

#### Langebruvegen

I dag går hovudkollektivtraséen mellom E39 og Førde rutebilstasjon over Langebrua. Denne vegen har fleire utfordringar. Påkøyringa inn på E39 er krevjande, spesielt på tider med mykje trafikk. Meierikrysset (mellom Angedalsvegen, og Langebruvegen) er trengt for store køyretøy. Til sist er vegbana over brua for smal til å vere hovudkollektivtrasé ifølgje Statens vegvesen si handbok.

Det vert difor foreslått å nytte nye Hafstad bru som innfartsåre for trafikk i retning Jølster. For trafikk i retning Sande vert det foreslått å nytte Storehagen bru.

#### Sjukehuset

I området ved sjukehuset er det mykje aktivitet. Høgskule og sjukehus er plassert der, med mange arbeidsplassar, studentar og pasientar. I tillegg bur der mange menneske i området. Området er reisemål for mange, noko som talar for å legge hovudkollektivtraséen mellom Jølster og Førde via sjukehuset.

I notatet vert det konkludert med at infrastrukturen i området ikkje er god nok til ei slik omlegging. Aktuelle tiltak i området ligg i hovudsak utanfor Førdepakken. Det vert i notatet opna opp for at spørsmålet kan vurderast på nytt dersom infrastrukturen på eit seinare tidspunkt skulle verte utbeta.

#### Førde rutebilstasjon

Av og påkøyringane til Førde rutebilstasjon vil bli påverka av tiltak i Førdepakken. Det kan og vere at deler av sjølve trafikkarealet på stasjonen kan bli påverka av tiltaka.

Utforminga av dei framtidige løysingane ved rutebilstasjonen vil bli viktige for kollektivtrafikken i Førde.

Notatet tek ikkje for seg korleis løysingane skal utformast. Det kjem gjennom eigne prosessar etter kvart som tiltaket vert prosjektert.

### Nye Øyrane vgs.

Dagens skular på Hafstad og Øyrane skal samlokalisert på Øyrane. Med om lag 1 000 elevar vil kollektivløysingane kring skulen vere viktige både for skulen og området rundt.

Nye Øyrane vgs. er eit fylkeskommunalt byggeprosjekt som ikkje er ein del av Førdepakken. Ny veglenkje som går forbi skulen samt gang og sykkelveggar er del av Førdepakken. Førdepakken må ta omsyn til den nye skulen.

Notatet tek ikkje for seg korleis løysingane skal utformast. Det kjem gjennom eigne prosessar etter kvart som tiltaket vert prosjektert.

### Førdehuset

Tiltak 1 i Førdepakken, Nye Hafstad bru, vil truleg krevje litt areal frå området rundt Førdehuset. Skuleskyssen til Førde barne og ungdomsskule nyttar trafikkarealet ved Førdehuset. Trafikkløysingane ved Førdehuset har stor betydning for avvikling av skuleskyssen i området.

Notatet tek ikkje for seg korleis løysingane skal utformast. Det kjem gjennom eigne prosessar etter kvart som tiltaket vert prosjektert.

### **Kommersielle bussruter**

Utkast til notat og konklusjonar er blitt lagt fram for selskapa som driv kommersielle bussruter gjennom Førde. Firda Billag og Tide Sogn har meldt tilbake at dei i hovudsak stiller seg bak konklusjonane i notatet.

### **Konklusjon**

Notatet legg føringar for kvar kollektivtraséane skal ligga, men detaljert utforming vil ein koma attende til i ordinær reguleringsplan. Grunnlagsdokumentet legg til grunn at kollektivtraséane vert lagt slik:

#### *Hovudkollektivtrasé over Langebruvegen vert flytta*

- Retning Jølster skal gå over nye Hafstad bru
- Retning Sande skal gå over Storehagen bru

#### *Hovudkollektivtrasé retning Florø skal gå som i dag*

Det er opna for at trasé retning Jølster kan takast opp til ny vurdering dersom infrastruktur rundt sjukehuset vert utbetra.

### **Vedlegg**

*Grunnlagsnotat om kollektivruter i Førde, endringar som følgje av Førdepakken.*